



Pinnane går og songen gjallar

Det er slett ikkje problematisk å strikka og synga samstundes. Det erfarte dei rundt 50 som kom til det originale arrangementet til Røysterett for alle i Helgheim i kveld. Medan pinnane gjekk som trommestikker, sørga Malsmstentrioen og koret under leiing av Maria for at songen heldt sitt vanlege høge nivå kunstnarleg sett. Basaren ga også eit bra resultat utan at vi kjenner det i skrivande stund. Familien Malmsten har verkeleg gjort framsteg i det siste, og det gjeld ikkje minst feletalentet Tiril. Trioen opna med Så ta mitt hjerte, 2 Hendelkomposisjonar, og ein spansk dans - alt svært imponerende.

Så kom det strikkande koret med eit meir kjent program, innleia av Tordion og brurmarsjen til havet av Maria sjølv,

Også rheinlendaren hennar sto på programmet, likeeins Man borde inte sova, bånsull og Den skyldige av Prøysen. Framsteget er stort - no kan koret til og med hedemarksdialekt brukbart! Men dirigenten innrømmer at det har kosta tid.

Også denne gongen akkompagnerte Frode Kaldestad på klaver medan Ingvild og Lene var solistar. Generelt kan ein slå fast at strikkesong har ein framtid!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Eit strikkande kor - har du opplevd det før?